

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3. Fylke: Nordland
 Tilleggsspørsmål nr. Herad: Bø
 Emne: Brynet Bygdelag: ---
 Oppskr. av: Rolv Strømme Gard: Bøstrand
 (adresse): Bø i Vesterålen G.nr. 14 Br.nr. 1^B
 A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. *ja.*

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Det vanlege ordet for brynet er brynet. For å bryne har vi to ord: å bryne og å kvette. Stein (ei) kallar vi eit finare bryne. Ein heiner ein kniv, ei øks, men bryner ljaen og sigden.

2. Til for 6-8 år sia brukte vi her mest berre naturlege bryner, og vi måtte få dei frå andre stader, då det ikkje finst brynestein her i bygda. Kvar dei kom frå i eldgammal tid, veit vi no ikkje, kanskje frå Selbu, derfrå kom i all fall kværnsteinar. I seinare tid har vi fått brynere frå Beiarn, og beiarnbrynere var kjende for å vera gode. Men no artøysest desse av kunstbryner, og no er visst mest kunstbryner i bruk her.

I 1868 fekk vår bygd det første dampskipsanløp. Før den tid (og ei god tid etter) var det Nordlands-jektene som syntte for varetransporten, og Bø hadde 6 jekter som gjorde to turar til Bergen kvart år, vårstemna og hauststemna dei kalla. Med desse jektene fekk ein då dei varer ein trengde, og med dei kom vel også bryner og heiner. Dei kom såleis frå Bergen. Kvar Bergens-kjøpmennene fekk dei frå, veit vi ikkje.

2

Dei som ikkje fekk bryner og heiner frå Bergen, kjøpte dei på Stokmarknes marknaden.

3. Det er så at all reidskap først blir slipa på ein rund slipestein og etterpå kvost med bryne eller hein, eit unntak er rakekniven som berre blir kvost med hein, og han går vel snart av bruk.

4. Fjengen hugsar no eller har høyrd om at ljåen ikkje vart slipa, men berre tynna ut med ein hamar, så ein veit ikkje kva tid skikken med å slipa ljåen kom til bygda. Det er synd at ikkje denne granskinga kom for lenge sia.

5. Vi veit ikkje om at dei slipte på stein som låg still. - Det hende some stader at dei tok slipesteinen med seg utover fjogane etter kvart som dei slo, for ljåane var skrute, og marka ofte uförnt, og ein måtte slipa både tidt og trott. For gammal denne skikken var, veit ein ikkje, no gjer dei det ikkje.

6. Med dei gode ljåane ein no har, kan ein ofte slå økta ut før dei treng slipast. Ikkje så med jamt ljåane, som dei brukte her før. Dei måtte dei tidt på steinen med, og det hende at ein slåttekar brukte ut jamt ljåen på ein somar, er då ljåen var godt og vel 2 tommar brei. Det kunne såleis ikkje vera snakk om å greia seg utan slipestein til ljåen.

7. Ein har berre eit bryne til ljåen, og det er av stein.

8. Ljåen sit på orvet når dei slipar han.

9. Når dei bryner storljåen, set dei orvenden

i marka, styddjer ljåheikkjelen mot vinstre oksla, held om ljåbakken med vinstre handa, og ho blir då førd fram over ljåen etter kvart som dei bryner fram over mot ljåodden. Some held ljåen som nemnd mot oksla, men dei held med vinstre handa om ljåbakken framme på ljåen og bryner i veg. - Når dei bryner stukkoreljåen, set dei ovennden mellom beina sett overfor knea og bryner då som var det ein storljå.

10. Det var sjelden nokon her brukte vera brynet i brynehus, men det hende. Brynehuset var då av tre, og dei kalla det treholken.

11. Dei har ikkje bore brynet i okse- eller kutbarn her, det ein veit.

12. Dei feste treholken i belterimma bak på høgre hofta.

13. Dei fuktar alltid brynet anten det er av naturstein eller kunststein, og dei brukar sputt eller annat vatn - ikkje annat enn vatn. Men når dei heinar rakekniven, brukar some olje.

14. Melot på brynet kallar vi brynesverta, i slipesteinbrya heiter det slipesverta.

15. Har ikkje høyrd gjete at brynesverta har vore bruka som medel mot ringorm.

16. Heller ikkje at ho har vore bruka mot andre sjukdomar.

17. Det er kjend at dei la slipesteinar i myr når dei tykte dei var for harde, ikkje i maurtura.

18. Her finst ikkje forteljing om at brynet kalas.

19. Vi veit ikkje at dei sa noko når dei
sputta på brynet - anna tvi!

20. Her er heller ikkje kjend at dei sa fram
ramser under bryninga. -

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

adr. NORSK FOLKEMUSEUM

BYGDØY

277

277